



Elevrådet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2410 - 16/23125

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

30.08.2016

Referat frå møte i elevrådet 26.august 2016

Sak 1/16 Vel møtt og presentasjonsrunde

Tillitsvalde frå klassene dette skuleåret er:

2.klasse:	Valborg A G Bertelsen
3.klasse:	Tina L Spurkeland
4.klasse:	Gard Tyssebotn-Litleskare
5.klasse:	Sølve Hopland Nesse
6.klasse:	Daniel Skorve
7.klasse:	Bettina G Risa

Val av leiar og nestleiar:

Bettina vart vald som leiar og Daniel som nestleiar

Sak 2/16 Litt om elevrådsarbeidet på Seim skule

Ved alle skular skal det vere eit elevråd. Kvar klasse vel ein representant til elevrådet. I elevrådet representerar eleven alle elevane i klassen. Det er viktig at klassen har jamlege klassemøte der ulike saker som gjeld elevane vert drøfta. Elevrådsrepresentanten tek saka med til elevrådet. Elevrådet kan også ta opp saker dei meiner må ut til drøfting i klassene.

Leiar og nestleiar i elevrådet møter i skulen sitt samarbeidsutval og skulemiljøutval. Ein tredje elevrepresentant skal også møte i skulen sitt skulemiljøutval. Det vert i år Sølve.

Sak 3/16 Friminutt og uteaktivitetar haust 2016

- Uteskuret:

Kjersti-Iren (lærer i 7.klasse) har i år ansvar for uteskuret . Ho sett opp lister over elevar som to og to saman skal opne opp skuret, levere ut og samle inn utstyr og leikar. Elevvaktene får nøkkel til skuret av Kjersti-Iren. Det er viktig at alle elevar som får låne utstyr frå skuret, leverer det tilbake

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



når friminuttet er ferdig. Sjå til at utstyret vert kryssa inn att. Om ikkje, så står den eleven som lånte utstyret ansvarleg. Men alle må hjelpe til! Og viktigast av alt – **respekter vaktene!**

- «Kom og leik»

Vi skal i gang med «Kom og leik» så snart vi har fått leikleiarar på plass. Leikleiarane vert samla i Amfiet til gjennomgang av leikar og organisering før oppstart.

5., 6. og 7.klasse må lage liste over elevar i klassen som ynskjer å vere «Kom og leik-leiar». **Lista må leverast til rektor seinast 6.september.**

- Fotballbana

Alle ynskjer 7-er mål. Skal vi merke måla med klasse? **Diskuter dette i klassen. Kom med innspel og grunngjeving til neste møte i elevrådet.**

Det vert klaga på at dei store elevane tek måla frå dei yngste. Nokre av dei store har også tatt klasseballen frå dei minste.

- Utstyr (ballar mm)

Det vart kjøpt inn mykje utstyr i fjor. Idrettslaget kjøpte klasseballer til alle klassene i april. Mange baller og mykje utstyr er forsvunne. **Drøft i klassen og kom med framlegg til korleis vi kan ta betre vare på ballar og utstyr.**

Sak 4/16 Elevane sitt fysiske og psykiske miljø på skulen

Vi vil ha eit trygt og godt miljø på Seim skule. Miljøet handlar både om det fysiske miljøet (klasserom, fellesrom og garderober; utstyr og materiell + personlege eigendelar) og det psykososiale miljøet . Det psykososiale miljøet handlar om at kvar enkelt skal trivast på skulen, ha vener på skulen og gle seg til å gå på skulen.

I kvar klasse skal det vere reglar for dette. Det høyrer ut som at alle klassene har klassereglar. Undersøk om det stemmer. Reglane må henge godt synleg i klasserommet og vere godt kjend blant elevane. **Oppgåve til neste møte i elevrådet: Gå gjennom klassereglane og diskuter korleis de kan jobbe med at reglane vert følgd.**

Sak 5/16 Innmelde saker i møtet

6.klasse:

- Kan vi få forheng foran dusjene i garderoberne?
- Kan skulevegen skiltas med «Trygg skuleveg»?
- Kan vi lage felles «Smashball-reglar»? Reglane på Feste og Seim er ulike.
- Vi ynskjer oss skatebane, klatrestativ, disser og leikehus

Rektor gir tilbakemelding på desse sakene i neste møte i elevrådet.

Med helsing

Anne Wergeland
Rektor og referent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakrar:
Elevrådet